



## Møteinkalling

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Kyrkjestova  
**Dato:** Torsdag 18.09.2025  
**Tid:** Kl. 18.30 - 21.00  
**Ord for dagen:** Håkon Rydland Sæbø

Forfall må meldast til kyrkjeverja: kyrkja@fitjar.kommune.no eller tlf. 913 47 802.

Varamedlemer får kopi av innkallinga og vert kalla inn ved behov.

### Innkallinga er sendt til:

Svein Lunde	Leiar
Anne Marie Røed	Nestleiar
Tom Rydland	Medlem
Anne Kristin Skår	Medlem
Håkon Rydland Sæbø	Medlem
Mette Elisabeth Lambach	Medlem
Lilli Anne Drønen Jæger	Medlem
Kari Raunholm	Medlem
Olav J. Oma	Sokneprest
Gisle Levåg	Kommunal representant
Kopi til varamedlemene Wenche A. Helland Karin Korsvik Nils Andreas Brekke Aase Nøtvedt	

Fitjar, 11. september 2025

Svein Lunde  
soknerådsleiar

Harald Rydland  
kyrkjeverje

**Sakliste:**

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMMUNAL REPR.
2025/55	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	X
2025/56	012.1	Godkjenning av referat frå sist møte	X
2025/57		Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkja	X
2025/58		Budsjettrapport pr. 31.8.2025	X
2025/59		Førebels prosjektrekneskap for nytt gravfelt	X
2025/60		Minnelund og graver for muslimar	X
2025/61		Møteplan for 2. halvår 2025	X
2025/62		Vidare arbeid med strategi for kyrkjelyden	
2025/63		Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden (drøftingssak)	
2025/64		Meldingar	X
2025/65		Open post	X

**Vedlegg**

1. Budsjettrapport for januar-august 2025
2. Notat om plassering av minnelund
3. Referat frå møte i gudstenesteutvalet

### **Sak 2025/55 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste er godkjent.

### **Sak 2025/56 012.1 Referat fra sist møte**

Evt. merknader til referatet kan fremjast i møtet.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfester referat frå møte den 12.06.2025.

### **Sak 2025/57 Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden**

Soknepresten legg fram ei kort orientering om det som har hendt i kyrkjelyden, planar framover og andre aktuelle tema som er kommen til sidan sist møte.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

### **Sak 2025/58 Budsjettrapport pr. 31.8.2025**

Fitjar sokn sitt driftsrekneskap er no ført fram til 31.8. I tabellen som ligg ved er det ein del postar som skal korrigeras seinare, men som må kommenterast no for at rapporten skal gje eit rett bilde av resultatet. Nokre av postane vert kommenterte her, men fleire detaljar vert lagt fram under presentasjonen i møtet.

På avdelinga for administrasjon kjem det fram ein sum for vikar under fødselspermisjon. Dette gjeld vikariat for kontormedarbeidaren vår som er ute i fødselspermisjon ut dette året. Ho har 40% stilling men tre av oss andre på kyrkjekontoret har delt oppgåvene med 20 % på Jan Overweg, 5 % på Randi L. Matre og 5 % på Harald Rydland. På kostnadssida er alle lønskostnadane kommen med men alt refusjonen som kjem frå NAV er ikkje kommen med i rekneskapen enno.

Avdelinga for kyrkjegarden viser på nokre postar store avvik i forhold til budsjettet. Dette skuldast at investeringa som høyrer til nyt gravfelt i første omgang vert ført i driftsrekneskapen. Når prosjektet er ferdig vert det overført til investeringsrekneskapen. Kostnadane som gjeld gravfeltet er førebels ført som andre konsulenttenester medan refusjonen me så langt har fått frå kommunen er ført på rammetilskot saman med det ordinære driftstilskotet.

På dei fleste avdelingane er det sikkert postar som det kan vera spørsmål om. Det er fint om medlemene ser gjennom rapporten og sender inn spørsmål før møtet. Då er det lettare å førebu fullgodt svar som kan leggjast fram i møtet.

Som ei oppsummering kan me sei at drifta i all hovudsak går som forventa i budsjettet. Dei avvika som kjem fram er råd å handtera utan at soknerådet treng føreta formelle budsjettendringar.

### **Framlegg til vedtak**

Soknerådet tek budsjettrapporten for januar – august 2025 til orientering.

#### **Sak 2025/59 Førerels prosjektrekneskap for nytt gravfelt**

Prosjektet med nytt gravfelt nærmar seg sluttføring. Den praktiske delen av arbeidet har vorte gjennomført i tråd med planen som vart lagt på førehand. Arbeidet har gje over ein lengre periode enn den opphavelege tidsplanen, som gjekk ut på at prosjektet skulle vera ferdigstilt i løpet av mai. Årsaka til dette er at me var heldige og fekk utført arbeidet med ein natursteinsmur på dugnad og at ferieavviklinga utsette resten av arbeidet. Dette er gjort i forståing med dei som er involverte i prosjektet og det har ikkje svekka prosjektet på noko vis, tvert om.

Prosjektrekneskapen er under arbeid, så dette vert ikkje sendt ut saman med møteinkallinga. Så langt ser det ut til at den totale kostnaden vert om lag 2,3 mill. I investeringsbudsjettet er det sett av kr 2.250.000 til føremålet. Ein del av arbeidet som er gjort for å skifta ut det gamle avlaupsanlegget som var øydelagt er no ført på investering, men kan eigentleg reknast som vedlikehald.

Prosjektet er no så godt som ferdigstilling, og det er ikkje noko som tyder på at det skal komma til uventa kostnader i sluttfasen. Fleire detaljar om prosjektet vil verta lagt fram i møtet.

### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

#### **Sak 2025/60 Minnelund og graver for muslimar**

Soknerådet har lenge hatt planar om å etablera ein minnelund for urnegraver og eit gravfelt for muslimar. For ikkje å ha for mange prosjekt gåande på same tid, valde soknerådet å venta med å setja i gang nye prosjekt til det nye gravfeltet for kistegraver er ferdig. No er me kommen så langt at alt ligg til rette for å gå vidare med nye prosjekt. Det er mange som spør etter kva tid me vil ha klar ein minnelund i Fitjar, fordi dei er interessert i å bruka eit slikt tilbod. Målet bør vera å få på plass både minnelund og muslimsk gravfelt i løpet av 2026.

For å komma i gong er det to forhold som må avklarast i soknerådet. Det gjeld kva areal som skal brukast til dei ulike føremåla, og kor stor pengesum me må søkja kommunen for å dekka investeringa.

Gruppa som soknerådet har oppnemnt for å gje råd om kyrkja sine uteområde har vore med og sett på utforming og val av areal. Gruppa har ikkje samla seg om ein konklusjon, men rådd til at me får ei fagleg vurdering av ein landskapsarkitekt. I ei slik vurdering kan me få fram formelle krav og andre forhold som bør takast omsyn til. Eg har bede Smedsvik Landskap om å laga eit enkelt notat som soknerådet kan støtta seg på i sitt vedtak. Notatet frå landskapsarkitekten er teke med som vedlegg til innkallinga.

Kostnadane ved etablering av minnelund og gravfelt for kistegraver varierer mykje. Slik me planlegg treng ikkje kostnadane ved tilrettelegging av areala bli særleg omfattande. Kostnadane vil for det meste vera knytt til monument, planting, sitjeplassar og evt. utsmykking. Her kan me få løysingar i mange ulike prisklassar. Minnelund og gravfelt skal sjå fine ut, vera enkle å vedlikehalda og stå seg over lang tid. Difor bør det veljast løysingar til ein pris som sikrar dette.

Sidan det ikkje er gjennomført detaljprosjektering må me bruka erfaring frå liknande prosjekt til å antyda ein investeringssum. Så langt me kan sjå no, bør me leggja inn ei kostnadsramme på 2 mill. for dei to prosjekta me snakkar om.

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Soknerådet går inn for at det vert etablert minnelund og muslimsk gravfelt på Fitjar kyrkjegard i løpet av 2026.
2. Minnelunden vert plassert på arealet omtala som \_\_\_\_\_ i utgreiinga frå Smedsvik Landskap, medan muslimske graver vert plassert \_\_\_\_\_
3. Det vert søkt til kommunen om ein sum på kr. 2.000.000 for å dekka investeringane
4. Kyrkjeveita får fullmakt til å starta planlegging av investeringa i samarbeid med ekstern rådgjevar

#### **Sak 2025/61 Møteplan for 2. halvår 2025**

På siste soknerådsmøte før sommaren drøfta rådet møteplanen for 2. halvår. Dato for første møte vart fastsett, men dei neste datoane skulle avgjerast på første møte etter ferien. Det vart elles avgjort at møtedag skal vera torsdag og møtetida mellom kl. 18.30 og 21.00.

#### **Utkast til møteplan for 2. halvår**

<b>Sokneråd</b>	<b>Aktuelle saker</b>
18. september	
9. oktober	Budsjett
6. november	
4. desember	Val av leiar og nestleiar
<b>Arbeidsutval</b>	
3. september	
22. oktober	
19. november	

**Framlegg til vedtak:**

Framlegg til vedtak vert lagt fram i møtet.

**Sak 2025/62 Vidare arbeid med strategi for kyrkjelyden**

Første halvår vart det gjennomført noko arbeid for å få tiltaka som ligg inne i soknerådet sitt strategidokument inn i den digitale løysinga som heiter Kyrkja vår. Leiaren i soknerådet var sentral i dette arbeidet og vil på møte orientera om det som er gjort til no. Han vil også gjerne høyra kva tankasoknerådet har om det vidare arbeidet.

**Framlegg til vedtak:**

Det er ikke framlegg til vedtak i saka.

**Sak 2025/63 Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden (drøftingssak)**

Før sommaren hadde soknerådet oppe ei sak om ei foreining som var under skiping. Føremålet for foreininga var å etablere ein ungdomsfestival med utgangspunkt i arbeidet som The Send/ Good News driv. Ulike kyrkjelydar og forsamlingar i Sunnhordland vart inviterte til å vera med på arbeidet. Soknerådet ville ha meir informasjon om tiltaket før vart teke avgjerd om deltaking.

I løpet av sommaren har Håkon Rydland Sæbø hatt dialog med nokre av dei andre aktøiane. Anne Marie Røed, saman med sokenrådet sitt AU har også vore engasjert i saka. På møtet vil det bli orientert nærrare om det som har komme frå, og soknerådet vert invitert til å drøfta saka.

**Framlegg til vedtak:**

Det er ikke framlegg til vedtak i saka

**Sak 2025/64 Meldingar**

Under meldingar vil det verta orientert om desse sakene:

- a) Status for samarbeid med Bakken Kystbarnehage (Svein Lunde)
- b) Evt. nye kontorlokale (Harald)
- c) Nøkkelsystemet i kyrkja (Harald)
- d) Opningstider på kyrkjekontoret (Harald)
- e) Søknad til Fitjar kraftlag om støtte til utvendig lyssetjing og scenelys (Harald)
- f) HMS-system for kyrkja og kyrkjekontoret (Harald)
- g) Vigsling av nytt gravfelt (Olav)
- h) Referat frå møte i gudstenesteutvalet og diakoninemnda (Olav)
- i) Gudstenesteforordning
- j) Prostidag i Sunnhordland (Olav og Harald)
- k) «Varmare kyrkjekaffi» (Anne Marie)
- l) Kyrkja sitt arbeid for flyktingane som er komne til Fitjar (Anne Marie)

**Framlegg til vedtak:**

Det er ikke framlegg til vedtak i saka

**Sak 2025/65 Open post**

**Framlegg til vedtak:**

Det er ikke framlegg til vedtak i saka